



Fulkt hus i kjedlaren i denne veka

Magne Huglen har no fått ferdigattest frå kommunen for Dønhaugkjedlaren.

Attesten er gjeve etterat synfaring og dokumentasjon er innfridd og journalført. Løyvet gjeld bruksendring til forsamlingslokale, selskapslokalre og pub.

Dei framlagte dokumentasjonane stadfester at alle krav og vilkår som er stilte i løyva og som ellers følgjer av gjeldande vilkår er dokumenterte og oppfylte.

Det heiter mellom anna at bygning eller deler av denne ikkje må takast i bruk til anna føremål enn det løyvet gjev høve til.